

Avsendar: Ungdommens fylkesutval

## **Uttale om PS 26/2017 Likeverd i Hordaland fylkeskommune**

Me ser at i Temaplanen 2017-2021 om Likestilling i Hordaland har trekk fram likeverd mellom både ulike kjønn og nasjonalitetar i ulike aldra. Ungdommens fylkesutval (UFU) er einige med forslaget til temaplan i at dette er nødvendig for at ein kan skapa gode miljø på arbeidsplassar og skular i fylket. For UFU er kampen mot fråfallet i den vidaregåande opplæringa særlig viktig, og me ynskjer difor å argumentera for nokon punkt me meiner er viktige i denne samanhengen.

Ved å tilby lærerplassar til alle yrkesfaglege elevar, vil me sikra ei framtid med yrkesopplært arbeidskraft. Samstundes vil det også bidra til ei bærekraftig utdanning, med moglegheit for å fullføre utdanninga ein har vald. Om ein kan tilby lærerplassar for alle, sørger ein også for likeverd mellom faga. Dette er viktig for å skape gode læringsmiljø.

Gode tilbod om innføringsklassar ved dei vidaregåande skulane i Hordaland, vil gje framandspråklege elevar eit betre grunnlag for vidare utdanning. Dette bidrar til god integrering og eit betre kulturelt grunnlag for innvandrarar. Dei som får nytta seg av dette tilbodet får moglegheita til å skape relasjonar, som kan vere vesentleg for vidare opplæring.

Ved fremjing av tilbod som europeisk volontørteneste skapar ein gode relasjonar som kan forhindre diskriminering. Eit slikt tilbod vil skape gode forhold på tvers av landegrenser og ein lærar meir om andre kulturar. Dette kan også forhindre diskriminering ved innvandring.

Mobbing er saman med diskriminering viktige faktorar til fråfallet i den vidaregåande skulen. UFU er glade for at fylkeskommunen har sett dette og at ein set inn tiltak for å redusere mobbinga, men meiner likevel at meir kan gjerast. UFU har tru på at ein, ved å legge til rette for betre psykisk helse blant elevane, kan forbetra skulemiljøet, få mindre fråfall og føre til betre trivsel.

For å kunne betre psykisk helse blant elevane er tilgang på kvalifisert personell sers viktig. Ungdommens planprogram, vedteke av Ungdommens fylkesting 2017, seier spesifikt at ungdommane i Hordaland meiner at det skal vere ein helsearbeider tilgjengelig på kvar vidaregåande skule, kvar dag. Vidare er det viktig at ein senker terskelen for kontakt mellom helsetilbodet og ungdommane. Dette meiner me at ein kan oppnå ved å sørge for obligatoriske møter mellom elevane og helsesøster kvart semester.

UFT er glade for at fylkeskommunen visar stort engasjement for at ungdommen skal trivast sosialt og ha det godt psykisk i skulesamanheng. For å kunne oppfylle dette er det viktig med nulltoleranse for mobbing ved skulane i fylket. Med desse tiltaka har UFU tru på at skulemiljøa ved dei vidaregåande skulane i Hordaland vil verta betre, medan mobbing og diskriminering vil verta eit minkande problem og vil vera med på å senka fråfallet.

### **Moment Ungdommens Fylkesting meiner er særleg viktige i Likeverd i HFK:**

- Arbeidet med å skaffe lærerplasser skal prioriterast.
- Ein skal arbeida for betre integrering på vidaregåande skular.
- Fråfallet i den vidaregåande skulen skal vere på under 15%
- Diskriminering og mobbing skal ein sette inn konkrete og effektive tiltak mot
- Alle vidaregåande skular skal ha helsepersonell tilgjengeleg kvar dag